

Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
20.03.2024 23/57449- 8 Thomas Finnøy

Saksnr.	Utval	Møtedato
13/24	Vestlandsrådet	10.04.2024

Godkjenning av rekneskap 2023

Vestlandsrådet 10.04.2024 - sak 13/24

Behandling

17 voterande.

Vedtak:

Vestlandsrådet vedtek rekneskapen for 2023.

Innstilling:

Vestlandsrådet vedtek rekneskapen for 2023 slik det ligg føre i saksframlegget.

Bakgrunn

Vestlandsrådet disponerer midlar frå medlemsfylka, og må vedta rekneskapen for eiga verksemd. Budsjett for inntekter og utgifter for året 2024 vart vedteke i rådsmøtet 11.01.2024.

Rekneskap 2023

Vestland fylkeskommune hadde leiarskapen av Vestlandsrådet i 2023, og har hatt ansvaret for å føre rekneskapet for verksemda i rådet. Men sidan det første møtet i rådet vert avhalde såpass tidleg i 2024, var ikkje rekneskapet for 2023 ikkje klar til det første møtet i rådet i 2024. Rekneskapet framleggast for godkjenning i det neste møtet i 2024.;

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023
Ordinær kontingent	1 800 000	1 800 000	1 800 000
Kontingent næringsstrategi			1 350 000
Overførte ubrukte midlar	1 011 083	1 136 615	1 442 876
Sum inntekter	2 811 083	2 936 615	4 592 876
Sekretariat	1 000 011	1 000 000	1 000 000
Møteutgifter Vestlandsrådet	0	131 261	6 251
Nettside, løpande drift – Origin	31 818	20 612	56 814
Nye nettsider		77 500	
NORA - fast årleg medlemsavgift	138 925	0	155 430
Næringsstrategi for Vestlandet	503 712	264 366	969 093
Sum utgifter	1 674 446	1 493 739	2 282 588
Overskot overført til neste fylkeskommune	1 136.615	1 442 876	2 310 288

Merknader til dei einskilde postane:

- I tråd med tidlegare praksis er utgifter til sekretariat (løn og andre interne utgifter i vertsfylket) sett til 1 mill kr., utan omsyn til om dei reelle utgiftene er høgare eller lågare.
- Møteutgifter er bevertning, leige av lokale i samband med møta i Vestlandsrådet.
- Vestlandsrådet er medlem i NORA (Nordic Atlantic Cooperation) I 2022 var det ikkje motteke faktura for medlemskontingenten, kontingenten har vore 100.000 DKK. Faktura for medlemskap i 2023 er motteke i 2024.
-

Budsjett 2024

Budsjettet for verksemda i Vestlandsrådet i 2024 vart vedteke i rådsmøtet 11.01.2024, men i oppsettet her er dei endelege tala for overførte ubrukte midla korrigert.

	Budsjett	Budsjett	Budsjett

	2022	2023	2024
Ordinær kontingent	1 800 000	1 800 000	1 800 000
Kontingent næringsstrategi		1 350 000	1 350 000
Overførte ubrukte midlar	1 136 615	1 442 876	(1-712-876) 2 310 288
Sum inntekter	2 936 615	4 592 876	(4-862-876) 5 460 288
Sekretariat	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Møteutgifter Vestlandsrådet	200 000	200 000	200 000
Nettside, løpande drift – Origin	50 000	50 000	60 000
Nye nettsider	150 000		
NORA - fast årleg medlemsavgift	140 000	280 000	150 000
Næringsstrategi for Vestlandet	900 000	1 350 000	1 350 000
Sum utgifter	2440 000	2 880 000	2 763 000
Til disposisjon	495615	1 712 876	(2-099-876) 2 697 288

Vurdering

Fylkesdirektøren tilrår at Vestlandsrådet vedtek framlagte rekneskap for 2023.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør